

SØKNAD OM TRAFIKKTRYGGLIKSMIDLAR - 2019

Måløy vidaregåande skule vil takke for tidlegare midlar vi har fått! Vi synes det er fint at vi kan søkje på nytt om midlar til trafikktrygging.

TILTAK 1: Å bli sett

Vi vil jobbe vidare med temaet "**Å bli sett**". Prosjektet "Å bli sett" vil vere eit samarbeid mellom elevrådet og skulen si folkehelsegruppe. Skulen ynskjer vi å kjøpe inn refleksar og refleksvestar med skulen sin logo som vert delt ut til skulen sine elevar i samband med refleksens dag. Vi søker om 10 000,- til å dekke utgifter ved trykking og til utdelingsaksjonen.

Utgifter til «Å bli sett aksjonen» kr. 10.000,-

TILTAK 2: Trafikktrygging for russe

Tryggleik rundt russe er viktig, og vi vil ha open bilverkstad utover sein vinter/vår der vårt personale frå køyretøy vil støtte ungdom som er russ med å få sikre bilar. Dette gjeld ikkje berre russebilar, men også vanlege bilar som russe brukar. Vi kan tenkje oss å bruke 8 kveldar på dette mellom midten av februar og slutten av april.

Informasjonskveld om rus og køyring frå politi og statens vegvesen.

Utgifter til open bilverkstad: kr 2500,- x 8 kveldar = kr 16 000,-

TILTAK 3: Bil og ungdom, unge førarar med gamle bilar

Dette er eit tiltak der unge sjåførar og bileigarar jobbar med å få trygge bilar på kveldstid, under oppsyn av fagkunnige personar på skulen. Vi ser at fleire ungdommar kjøper gamle/eldre bilar og då kan dei få dei i betre stand på desse kveldane. Hausten 2017 har vi hatt ein auke av elevar som nyttar seg av tilbodet, både ved Måløy vgs og Fagskulen i S&F avd, Måløy. Vi ynskjer å oppretthalde dette tilbodet også for hausten 2018.

Utgiftene til «Bil og ungdom, unge førarar med gamle bilar» kr 2000,- x 10 = kr 20 000,-

TILTAK 4: Open verkstad for mopedeigarar.

Vi vil satse på å ha 4 kveldar open kveld/verkstad i samarbeid med faglærer. Med dette vil vi prøve å få tryggare mopedar på vegane våre.

Utgiftene til «Open kveldfor mopedeigarar» kr 2000,- x 4 kveldar = kr 8 000,-

TILTAK 5: Trafikkulykke, varsling, førstehjelp og slokking.

Vi ynskjer å gjennomføre opplæring for alle Vg1 elevar om korleis ein skal handle som førstemann til trafikkulykke. Vi ynskjer å gjennomføre opplæringa i samarbeid med det politi, Helse Vest, lokalt brannvesen, skulen sitt Sikkerheitsenter og YSK, helsefagarbeidarar (Vg3 og Vg4) ved Måløy vgs.

Vi ynskjer å ha fokus på kva ein gjer dersom ein er førstemann til ei trafikkulykke; meldingsrutinar, sikring, livreddande førstehjelp, kva ein gjer dersom det lek drivstoff eller fare for lekkasje, praktisk slokking av brann.

Utgifter til «trafikkulykke, varsling, førstehjelp og slokking» kr. 15.000,-

Mvh

Åsta Navelesaker Røed
rektor
Måløy vidaregåande skule